

## Vaksine mot smittsam hjernehinnebetennelse – våren 2025

**Elevar ved Bømlo vidaregåande skule får tilbod om vaksine mot ein spesifikk type hjernehinnebetennelse, men det finns fleire. Her kjem litt informasjon til dykk, slik at de kan ta stilling til om de ynskjer ytterlegare ei vaksine.**

Hjernehinnebetennelse vert også kalla meningokokksjukdom. Den kjem frå bakterien meningokokk. Det finst ulike typar av bakterien. Dei fleste tilfelle i Noreg kjem av type **ACWY**, men elles i Europa ser vi også ein del av **type B**. Friske ungdomar kan ha meningokokkar i halsen utan å kjenna seg sjuk, men kan likevel smitte andre som får alvorleg sjukdom. Hjernehinnebetennelse utviklar seg ofte raskt, og rundt 10 prosent av dei som får sjukdommen dør.

Tal på tilfelle av meningokokksjukdom i Noreg er låg, men ungdom i alderen 16–19 år har høgare risiko for smitte og er difor anbefalt vaksine. Der mange ungdomar samlast kan risikoen for smitte auke. I tillegg kan festing, deling av flasker, glas og sigarettar samt lite søvn kunne gje alvorleg sjukdom. Vaksinering i forkant av russefeiring, russeturar, festivalar, idrettssamlingar, ungdomsleir og liknande kan beskytta.

Bømlo kommune og fylkeskommunen tilbyr gratis vaksine som dekker type **ACWY**. Dei siste åra har type ACWY stått for dei fleste sjukdomstilfella blant ungdom i Noreg. I fjar såg ein derimot at 2 av 4 tilfelle meningokokksjukdom var av **type B**.

**Dersom de ynskjer å beskytte dykk mot alle typar meningokokksjukdom må de ta begge vaksiner.**

Type ACWY får de gratis tilbod om hjå skulehelsetenesta i mars. Ynskjer de vaksine type B må kvar einskild ta kontakt med fastlege for resept, og ein treng to doser med 6 månaders mellomrom. Denne vaksinen er og aktuell om ein skal reise på større arrangement i utlandet. Ein må betale denne vaksinen sjølv. Pris på sjølve vaksina er ca. 850 kr pr dose. I tillegg må ein gjerne betale for å få sett vaksine.

Med venleg helsing  
Anne Marit Særsten Halvorsen  
Kommuneoverlege  
BØMLO KOMMUNE